



Alver kommune Plan og byggesak  
Larissa Dahl  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar: b930e299-37e0-4b1a-  
8264-2a2cfe755a02  
Vår: 21/6322 - 21/51520

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
28.07.2021

## Uttale frå landbruk søknad om dispensasjon for vegtilkomst i LNF gbnr 176/22 Spurkeland

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremål for etablering av vegtilkomst til ny garasje på eigedommen gbnr 176/22.

Dette er ein tidlegare frådelt bustadtomt og sjølv om noko av arealet er vist som innmarksbeite vil det ikkje vera naudsynt med handsaming etter jordlova sine reglar om omdisponering for sjølv garasjen. Omdisponering og deling etter jordlova vart vurdert den gongen tomten vart oppretta, men gardskartet vil ikkje verta endra til anna markslag før tomten vert bygd på.

Vegen vil gå over eit innmarksbeite og vil krevja omdisponering etter jordlova § 9. Det er pårekleleg at slik løyve kan gjevast sidan dette området er lagt ut til LNF-spreidd bustad føremål og det ikkje er spesielt produktivt jordbruksareal. Det er sjølv sagt uheldig at det vert liggjande to vegar parallelt, men det bør vurderast om den og kan nyttast som tilkomst til resten av innmarksbeite.

Gje melding om det er ynskjeleg at ein handsamar omdisponering før dispensasjonssaka eller at det vert sett som vilkår for dispensasjon og handsama i etterkant.

Landbruk har ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG